

---

Saksnr: 2020/37774-23  
Saksbehandler: Berit Gjerland, Hallvard Trohaug,  
Dato: 06.11.2020

---

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Berit Gjerland og Hallvard Trohaug

---

## Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032 Fjaler kommune. Notat frå KII kulturarv

### Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune gjev uttale som regionale kulturminnemynde.

Vi viser til førebels fråsegn etter arbeidsmøtet 24.03.2020. Notatet inneheldt nokre viktige moment i forhold til kulturminne, men fylkeskommunen har fleire merknader til planframlegget og føresegner enn det som kom fram i notatet. Det gjeld særleg i forhold til Freda og verneverdige bygningar og kulturmiljø.

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressurs som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling, er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Omsynet til kulturminne og kulturmiljø skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Fylkesrådmannen ser det som svært positivt at Fjaler kommune har arbeidd fram og vedteke *Kulturminneplan for Fjaler 2019-2023*. Kommunane har eit hovudansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale og regionale mål. Det er forventingar om at fylkeskommunane og kommunane identifiserer og tek omsyn til m.a. kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga, jf. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023*.

Fylkeskommunen har eit ansvar for å sørgje for dei nasjonale og regionale kulturminneverdiane og støtte kommunane med råd og rettleiing.

### Generell vurdering av planen

Fjaler har teke omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø ved nye arealføremål. Planframlegget kjem i overvegande grad ikkje i konflikt med kjende kulturminne, og konsekvensutgreiinga har jamt over gode vurderingar når det gjeld kulturminne, men sjå nedanfor for nærare presiseringar.

Dei generelle føresegnene i planen er viktige for å sikre omsynet til kulturminneverdiane, jf. pbl. § 11-9, nr.7. Vi må be om at det i generelle føresegner kap. 1 blir sett inn:

- a. *Kulturminne og kulturmiljø skal vere ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast, og det skal visast korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planframlegg og plantiltak.*

- b. *Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på og verte sett i stand.*

### **Automatisk freda kulturminne**

Planframlegget er ikkje i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne, noko som vi vurderer som svært positivt. Automatisk freda kulturminne omfattar alle spor etter menneskelege verksemd frå istidas slutt og fram til reformasjonen (år 1536).

### Undersøkingssplikt og føresegner

I samband med konsekvensutgreiinga av nye utbyggingsareal har kommunen, under temaet Kulturarv, gjort ei vurdering av også potensial for automatisk freda kulturminne. Det ser vi på som positivt. Likevel ser vi at det er funnpotensiale i langt fleire planlagde utbyggingsområde enn kva konsekvensutgreiinga gjev uttrykk for. Det er aller størst funnpotensiale i areal mellom 0 til ca. 30 moh og inne på dagens dyrka mark. Det er også noko funnpotensiale i utmarks- og stølsområde. Funnpotensialet på dyrka mark og i utmark har samanheng gardsdrifta (korndyrking og husdyrhald) i dei siste 4000 år.

Forholdet til automatisk freda kulturminne er ikkje tilstrekkeleg avklart. Det må takast større omsyn til at det finst automatisk freda kulturminne som ikkje er registrert og difor blir øydelagde ved planlagt/omsøkt tiltak.

Fylkeskommunen kan formelt sett ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanens arealdel før undersøkingssplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, er oppfylt og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.

**Vi gjer merksam på at fylkeskommunen kan formelt sett ikkje seie seg samd i arealbruken i kommuneplanens arealdel. Det gjeld primært sidan avklaring i forhold til automatisk freda kulturminne ikkje er gjort på dette plannivået. Det inneber at Vestland fylkeskommune må ha alle arealplanar m.m. på høyring.**

### **Freda og verneverdige bygningar og kulturmiljø**

Freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø omfattar i hovudsak kulturminne/kulturmiljø frå tida etter reformasjonen og fram til i dag.

### Generelle kommentarar

Fjaler kommune har 2019 vedteke *Kulturminneplan for Fjaler 2019 - 2023*. Planen er godt gjennomarbeidd og prioriterer fleire spesifikke nyare tids kulturminne og kulturmiljø. Det er og framheva fleire kulturminne og kulturmiljø i *Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 - 2025*. Det utvalet av kulturminne som tidlegare er gjort i kommunalt planarbeid, syner for ein stor del ikkje igjen i kommuneplanen sin arealdel. Vestland fylkeskommune meiner at fleire av desse områda må sikrast med omsynssone *Bevaring kulturmiljø H570* med gode og tenlege føresegner.

Nyare tids kulturminne prioritert i *Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014-2025*:

- Den trondhjemske postvei - historisk veg av nasjonal interesse
- Tysse/Leite - kulturmiljø
- Lirva - kulturlandskap/gamal husmannsplass
- Tyssedalen - klyngetun
- Eikarolfjæra - naustmiljø
- Slettelandsstølen - stølsmiljø og kulturlandskap

Nyare tids kulturminne prioritert i *Kulturminneplanen for Fjaler 2019-2023*:

- Tysselandet - kulturmiljø

- Klokkargarden - kulturmiljø
- Åsnes skifabrikk - industrihistorie
- Den trondhjemske postvei - historisk veg av nasjonal interesse
- Gallefoss bru - bogebru frå 1912
- Sjøbu i Korssund - handelsstad
- Nilsbua på Hellevika - kai- og sjøhusmiljø
- SEFRAK-registrerte bygningar

#### Kulturminne og kulturmiljø som må sikrast med omsynssone eller bandlegging

- Guddal kyrkje og gravplass (BOP60 og BOP6)1  
Guddalen kyrkje er ei listeført kyrkje med regional og nasjonal kulturminneverdi. Vestland fylkeskommune har ingen merknadar til reguleringsformålet, men ber om at 60-metersona for kyrkjer i spreidd bygde strok (§21 i Kyrkjelova) vert markert i plankartet som *Omsynssone Kulturmiljø H570*.
- Gallefoss - gnr/bnr 126/2  
Stallbygning (Askeladden ID-265660) som er eit ombygd loft datert til 1608. Må bandleggast etter kulturminnelova (H730) i påvente av freding.
- Ytre Heggheim - gnr/bnr 119/1  
Bualoft (Askeladden ID-265660) datert til fyrste kvartal av 1600-talet. Må bandleggast etter kulturminnelova (H730) i påvente av freding.
- Sjørdalen - gnr/bnr 24/23  
Tun med SEFRAK-registrerte bygningar som vert påverka av råstoffuttak. Vestland fylkeskommune meiner at det kan være aktuelt at tunet Sjørdalen vert markert i plankartet som *Omsynssone Kulturmiljø H570*.
- Tyssedal - gnr/bnr 27/1 og 27/2  
Karakteristisk klyngetun som er framheva som eit viktig kulturminne i kommuneplanen sin samfunnsdel og i planomtalen til arealdelen. Vestland fylkeskommune ber om at Tyssedal vert markert i plankartet som *Omsynssone Kulturmiljø H570*.
- Tysselandet  
Fylkeskommunen er positiv til at Tysselandet har fått *Omsynssone Kulturmiljø H570*, men ber om at òg gravplassen Fredensborg blir ein del av omsynssona. Gravplassen er nært knytt til Tysse og historia til mellom anna Landmarkfamilien.
- Slettelandstølen  
Karakteristisk stølsområde som er framheva som eit viktig kulturminne i kommuneplanen sin samfunnsdel og i planomtalen til arealdelen. Vestland fylkeskommune ber om at Slettelandstølen vert markert i plankartet som *Omsynssone Kulturmiljø H570*.
- Livra  
Livra, husmannsplass og kulturlandskap som er framheva som eit viktig kulturminne i kommuneplanen sin samfunnsdel og i planomtalen til arealdelen. Vestland fylkeskommune ber om at Livra vert markert i plankartet som *Omsynssone Kulturmiljø H570*.

#### **Merknader til plankart og føresegner**

Vi noterer oss at merknader til føresegner nemnt i arbeidsnotatet er tekne med ved denne utsendinga av planen.

Når det gjeld plankartet så er automatisk freda kulturminne korrekt avmerka med omsynssone H730. Vi må gjere merksam på igjen at omliggande sikringssona på 5 m, jf. Lov om kulturminne §6, også skal visast med omsynssone H730. Omsynssone H570 er her ikkje tilstrekkeleg.

Vi ber dykk vurdere om ei overskrift som Kulturminne og kulturlandskap er meir dekkande for § 1.9.

Nytt punkt under § 1.9.:

d) Tiltak nær kulturminne eller innanfor verdifulle kulturmiljø/kulturlandskap og tiltak nærare enn 50 m frå automatisk freda kulturminne må leggast fram for Vestland fylkeskommune som er regional kulturminnemynde.

Vi må rå til at i teksten i § 5.4.2. b) og c). blir justert og opplyser at Vestland fylkeskommune har dispensasjonsmynde.

Vi har følgjande tillegg under 5.2.3. Bevaring kulturmiljø (H570):

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innafor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på og sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Vestland fylkeskommune for vurdering av kulturminneverdiar.